



VOSS KOMMUNE

Utval for levekår

Det kongelige kunnskapsdepartement
PB. 8119 Dep

0032 OSLO



Vår ref
06/2004-10 21588/07

Etat/ avd. Saksbeh
PED EBK

Ark.
A10 &00


Dykkar ref. Dato
14.12.2007

ENDRING I LOV OM BARNEHAGE, HØYRINGSUTTALE

Utval for levekår behandla i møte 11.12.2007 sak 51/07.
Det vart gjort følgjande

Vedtak:

1. Voss kommune tek til etterretning at lovfesta rett til barnehageplass for barn ved fylt 1 år, blir føreslått heimla i lov. Kommunen er innforstått med dei plikter denne retten vil gje kommunane. Kommunestyret vil peike på at det vil vera vanskeleg å fastsetje nøyaktige prognosar for kor mange barnehageplassar som eit ei kvar tid vil vere etterspurt. Det må difor leggjast til rett for at kommunen sin økonomi kan ha ein viss overkapasitet på tal plassar, samt at regelverket er fleksibelt nok til at kommunane på mellombels basis kan dispenserar frå krav gitt i lova når det gjeld lokale og personell.
2. Voss kommune ser positivt på at finansiering av barnehagane i sin heilskap blir lagt inn i kommunen sitt rammetilskot frå og med 2010. Finansieringa må framleis bygge på prinsippet om fullfinansiering av reforma og på eit system som er nøytralt i høve til tal kommunale og private barnehageplassar i den einskilde kommune.
3. Voss kommune vil peike på at ettersom det er kommunen som har plikt til å stille barnehageplassar til rådvelde, må også overføringa av tilskotet til private barnehagar skje via kommunen. Då slik at kommunen utarbeider regelverk for tilskotet etter prinsippet om likeverdig økonomisk behandling av privat og kommunale barnehagar, og med heimel til å stille dei same kvalitetskrava til private og kommunale barnehagar.

Med helsing

Bjørn Mundal
kontorleiar

Vedlegg: Samla saksframstilling
Kopi til: Pedagogiske tenester

Adr.: Uttrågt. 9
Postboks 145
5701 VOSS

Telefon:
Sentralbord 5651 9400
Saksbeh. 5651 9543
Telefaks: 5651 9651

E-postadr.: postmottak@voss.kommune.no
Nett-adr.: www.voss.kommune.no

Bankgiro:
8200 06 90100

Foretaksnr.
960 510 542

Ein viktig føresetnad for å gi ein rett til plass, må vere at om det skjer endringar i t.d. ved reduksjon i maksimalpris, så må det samtidig giast tid til å områ seg med å skaffa nye plassar. I eigen kommune fekk vi ny kø for å få barnehageplassar når maksimalprisen gjekk ned, og det sjølv om vi hadde ein dekningsgrad på 80% av barn i alderen 1 – 5 år.

Kommunane må for å sikre ei ein reell rett for alle, ha ein viss overkapasitet av plassar i kommunen. Dette vil krevje ressursar som ein reknar med blir kompensert i rammeoverføringane. Fleksibilitet i høve til kvalitetskrav når det gjeld lokale, bemanning i ein mellombels periode, bør det også opnast opp dispensasjonsreglar for.

5.2 Rammeoverføring

Administrasjonen sluttar seg til framlegget om overgang til rammefinansiering av barnehagesektoren når full barnehagedekking er på plass. Systemet vårt i dag er særers ressurskrevjande når det gjeldsaksbehandling og forvaltning.

Det må likevel presiserast at det er viktig at det skjer på ein måte som

- Sikrar full utgiftsdekning for den einskilde kommune
 - Sikrar den einskilde kommune høve til å ha ei viss overkapasitet av tal plassar
 - Er nøytral med tanke på fordeling mellom kommunale og private barnehageplassar.
- Det er - og vil truleg vere - store skilnader mellom kor stor del dei kommunale barnehagane utgjør. Det bør vere marknaden/tilbod og etterspørsel som regulerer balansen mellom kommunale og private barnehagar, ikkje finansieringa frå staten si side.

5.3 Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar

Administrasjonen vil tilrå at lovreglane seier at tilskot til private skal skje via kommunen etter eit lokalt fastsett reglement. Eit slikt system vil ein kunna ha lokal styring med sektoren til beste for innbyggjarane. Det må då sikrast i lova at kommunale og private barnehagar får ei reell likebehandling, mot at kommunen kan stille dei same kvalitetskrav til private som kommunale plassar. No fungerer systemet slik at dess dyrare kostnader pr. plass er i kommunen, dess meir tilskot får dei private, uavhengig av kva reelle kostnader ein plass har i den private barnehagen.

5.4 Konklusjon

Administrasjonen vil tilrå framlegg til vedtak blir sendt som høyringsuttale frå Voss kommune.